



GLYTTE

SOMMARLEIR

LYNGMO
UNGDOMSSENTER

- ★ **Glimt frå familieleir**
- ★ **Oppussing av hytter**
- ★ **Sommarleirane**

- sjå baksida for informasjon!!



Indremisjonsforbundet



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

Helsing frå Lyngmo

På Lyngmo er me i gang med dei siste førebuingane før sommarsesongen set i gang. Det er ei spennande tid der mykje skjer. Spenninga knyter seg til fleire ulike sider ved drifta vår. Kor mange leirdeltakarar kjem det på sommarleirane, får me fylt opp hytter og rom med turistar, er alt teknisk på huset klart, får me fint vær til arrangementa og så vidare. Det er spennande å skulle lære opp 10 sommarvikarar til å vera eit godt vertskap for gjestene som kjem. Heldigvis har me med oss nokre av dei flinke vikarane frå i fjor. Det gjer alt mykje enklare når me har med nokre rutinerte vikarar! Me ser fram til å ta i mot og møte leirdeltakarar og turistar frå heile verda!

Vedlikehald før sommaren

Ute er det større og mindre vedlikehaldsarbeid som er i gang. For tida er det nokre av hyttene som får ei enkel oppgradering av golvbelegg og to hytter får nye terrassar utanfor. Det er også planlagt å forbedre stisystemet på campingplassen og bygge eit lite nytt skur til søppeldunkar for hytte- og campinggjestene. Me må

også få tid til litt rydde- og målingsarbeid før sommaren er her. Innandørs i hovudbygget er det også planar for enkelte utbetringar som forhåpentlegvis vert ferdige til sommaren. Dersom snekkarane får tid skal blant anna matsalen utbetrast. Romklangen der kan til tider bli for høg og me trur gjestene vil setje pris på tiltaka som er planlagt med meir lyd-demping (skifte av plater i taket). Det er eit viktig tiltak me ser fram til vert utført! Me ønsker å gje deltakarar og andre gjester ei god oppleving når dei kjem til Lyngmo. Godt vedlikehald er ein viktig del av dette!

Stabil stab og styre

Som dagleg leiar er det utruleg viktig å ha ein god stab med tilsette. Nyleg hadde me vår faste vår- og sommarsamling med dei tilsette. Det er ein flott gjeng å vera saman med! Fartstida blant dei tilsette varierer frå 3 til 15 år. Ein stabil gjeng som bidreg saman og som hjelper kvarandre når det er behov for det. Drifta er mykje enklare når me får jobbe saman over tid. Me er heldige som får vera ein del av «Team



Lyngmo i vinterdrakt. Dronebilete frå i vinter.

Lyngmo)!

Ein anna del av «Team Lyngmo», som også har vore stabilt og godt, er styret.

Det er folk som kjenner drifta godt og som jobbar aktivt i styrearbeidet. I år er det ei utskifting i styret: Jostein Heggstad gjekk ut etter over 10 år som medlem og vara-medlem i styret. Tusen takk til deg Jostein for jobben du har gjort i styret! Nytt varamedlem er Inger Merete Øygard.

Arrangement

Det første av 5 konfirmasjonsselskap er akku-

rat unnagjort. No gler me oss til å ønske velkommen til fullt hus på Vi over 60 frå 20. - 23. mai før me opnar camping- og hyttesesongen rekordtidleg frå 23. mai. Vidare føl barne- og ungdomsleirane, me får besøk frå fleire busslaster frå Kristelig Gymnasium, og det vert fullt hus med gjester til Lerum Cup, Bibelsommar i Vest og Familiefokus sin familieleir.

God sommar!

Helsing Kjetil

Dugnadsjobben

På Lyngmo har me mange bygningar og mykje som skal haldast ved like.

- ⇒ **Hovudbygg** med møtesal, matsal, soveromsfløyar, gymsal og sanitæranlegg for campinggjestene våre.
- ⇒ **Personalbustad** som for tida vert leigd ut til internasjonale som er busette i Luster kommune
- ⇒ **7 campinghytter**: Desse vert nytta til Bibelcamping og store leirar. I tillegg leiger me dei ut om sommaren til turistar.



Presisjonsarbeid med saga!



Etter at dei store hyttene har blitt brukt i nærare 30 år, er det viktig å følgje med på at standarden vert halde oppe. Me ønsker at gjestene framleis kan møte ei vedlikehalde og fin hytte! I mai har Ole Johan Olsen, frå Balestrand, jobba i fleire dagar for å legge nytt golvbelegg i to av dei store campinghyttene. Dei to siste hyttene skal sannsynlegvis få nytt golvbelegg til hausten. Først vart det lagt plater for å få vekk ujamne felt på golvet før golvbelegget kom på til slutt. Resultatet vart kjempefint!

Tusen takk for hjelpa!

Glimt frå leirlivet - Crossroad 19

Ei helg i februar var det samla over 100 ungdommar og leiarar frå heile Sogn og Fjordane på Lyngmo. Det er kanskje det største ungdomsarrangementet som har funne stad på Lyngmo. Arrangementet fekk flott omtale i lokalavisa og tilbakemeldingane frå deltakarane var svært gode. Crossroad er eit samarbeid mellom NLM, Indremisjonen og Lyngmo. Arrangementet tek sikte på å skape ein møteplass på ungdommane sine premiss og der ein nyttar verkemiddel og ein kultur ungdommane kjenner seg att i. Samstundes er budskapet som vert forkynt tydeleg og det utfordrar ungdommane til å leve som kristne i kvardagen!

Crossroad er den nye møtestaden


• Elisabeth liker maten • Unge møtes i kristen fellesskap • Samlar Sogn og Sunnfjord



Matstundes
Elisabeth liker maten. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om. Elisabeth er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.



Unge møtes i kristen fellesskap
Unge møtes i kristen fellesskap. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.



Samlar Sogn og Sunnfjord
Samlar Sogn og Sunnfjord. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Med skolearbeid
Med skolearbeid. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.

Ungdomsarrangement
Ungdomsarrangement. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.



Crossroad famnar breitt og rekk langt

Crossroad famnar breitt og rekk langt. Det er en av de mange som har kommet til Crossroad på Lyngmo. Her er det mye å se og gjøre, og det er også mye å snakke om.



Sogn Avis Arrangementet fekk flott omtale i lokalavisa!



Mykje lyd og lys er viktige effektar på Crossroad. Ungdommane trivest med det!

Familieleir, palmehelga 2019

«Lær den unge veien han skal gå, så forlater han den ikke når han blir gammel.»

Ordspråkene 22,6

I palmehelga fekk me vera saman med over 100 leiarar og deltakarar frå heile Vestlandet på familieleir på Lyngmo! Familiane hadde med seg 60 born frå 0 - 13 år, noko som er ny rekord på denne leiren! Eit stort spørsmål før leiren starta var om skisentera ville ha nok snø igjen til at me kunne ha skiaktivitetar. I år fann me snøen i Sogndal skisenter og dei som ønskte det fekk utfolda seg på akebrett og på nedover - og bortoverski! Fleire nytta også høve til å besøke Lustrabadet i løpet av leiren. Det er alltid populært med badeland for dei små!

Aktivitetar og det sosiale er viktig på slike leirar. Samstundes fekk små og store høyre om påskeevangeliet: Jesus stod

Glimt frå flinke deltakarar på leirkvelden!



*Innfelt bilde: Det var servering av pølser i skibakken!
Stort bilde: Mange som nyt lunsj i solskinet utanfor Lustrabadet!*

opp frå grava og på den måten har han gjort frelsa tilgjengeleg for oss! Dei vaksne hadde tema på bibeltimane om korleis me kan leggje til rette for at borna våre kan få ei robust tru. Ei tru dei kan ta med seg vidare i livet!

Andre høgdepunkt i løpet av leiren var leirkveld, kiosk, misjonstime, fellesskap i lovsong og bøn, god mat og leik i gymsalen. Avslutningsvis fekk me gå på bønnevandring saman med familien vår! Der fekk me be for dei andre deltakarane, skrive navnet vårt på eit hjarte som me hengde opp på eit tre som eit symbol på at me ønsker å høyre til Jesus. I løpet av vandringa fekk

me også ta i mot nattverden saman med familien vår.

Det er flott å vera med som leiar på familieleir. Eg trur det er viktige dagar i liva til borna når dei får dele opplevingar på leir saman med foreldre og resten av familien.

Håpar me vert like mange til neste år!



Slik fekk nokre av borna lære meir om påskehistoria!



Leirtravaren

Namn: Madeleine og Amalie Kleppe Hølgersen

Alder: 10 og 9 år

Kjem frå: Balestrand

Har de vore mange ganger på leir?

Mange ganger

Kva tykkjer de det er kjekt å gjera på

leir? Kjekt å reise på Lyngmo med mange fleire frå Balestrand. Liker å få nye venner og gå i kiosken. På bildet har dei vore i utkleddings kista og gått inn i same bukse og skjørt. Dei liker å kle seg likt!

Dette skjer på Lyngmo

MAI 2019

- 20. - 23. Vi over 60
- 29. - 31. Leir for 7 - 10 klasse

JUNI 2019

- 7. - 10. Leir 4 - 7 klasse
- 13. Småbarnstreff
- 14. - 16. Leir for 2 - 4 klasse
- 21. - 24. Lerum Cup
- 30. juni - 7.juli Bibelsommar i vest

JULI 2019

- 15. - 20. Familieleir, Ungdom i oppdrag

AUGUST 2019

- 24. - 25. Bibelhelg
- 29. Knøttekor og torsdagsklubb

SEPTEMBER 2019

- 12. Knøttekor og torsdagsklubb
- 13.-15. Internatmøte for Kvinner
- 20. - 22. 2 - 4 klasseleir
- 27. - 28. Loppemarknad

OKTOBER 2019

- 4. - 7. Leir for 4 - 7 klasse
- 18. - 20. Ungdomsleir for (8.kl - 3.vgs)
- 24. Knøttekor og torsdagsklubb
- 25. Haustbasar

NOVEMBER 2019

- 1. - 3. 16 - 30 leir
- 7. Knøttekor og torsdagsklubb
- 8. - 10. Dameleir
- 15. - 17. Barnas songleir (2 - 7 klasse)
- 21. Knøttekor og torsdagsklubb
- 23. Juleverkstad (4 -12 år)

DESEMBER 2019

- 5. Knøttekor og torsdagsklubb
- 6. Julemiddag for alle
- 21. Julemiddag for Ungdom
- 31. - 1. Nyttårsfeiring

Minnegåve: Tusen takk for gåvene

som vart gitt i samband med gravferda til Knut P. Nes!

Selskap, konfirmasjon eller minnestund?

På Lyngmo:

- Er staden for å samle familien.
- Vert det servert god mat som folk flest likar 😊
- Er det kjekt for borna: Gymsal og eige aktivitetsrom!

*Me tilbyr også catering med kaldtbord, middag eller snittar!

*Ta kontakt for informasjon / tilbod!



"NORGE P.P."

Returadresse:
Lyngmo Ungdomssenter
Lyngmo 21
6869 Hafslo
Telefon: 57684366

E-post:
lyngmo@lyngmoinfo.com
Heimeside:
www.lyngmoinfo.com
Gåvekonto: 3000.32.79177

GDPR: LyngmoGlytten vert sendt til personar som har vore på leir eller som på anna måte har bedt om å få tilsendt bladet. Ta kontakt dersom du ikkje ønskjer å få det tilsendt lenger!

SOMMARLEIR

2-4 klasseleir	14. - 16. juni	675,-
4-7 klasseleir	7. - 10. juni	835,-
Ungdomsleir (8.kl - 3.vgs)	29. - 31. mai	750,-

Det blir gitt 25% søskenmoderasjon frå og med søsken nr. 2.

For påmelding og informasjon:

Bruk påmeldingsskjemaet på heimesida for påmelding. Då får me registrert alle opplysningane me treng!

Informasjon:

<https://www.lyngmoinfo.com/leir/>

«Alle med»: For enkelte familiar vert det for stor kostnad å reise på leir. Dersom dette gjeld dykkar familie kan de ta kontakt på e-post(lyngmo@lyngmoinfo.com) Då prøver me å leggje til rette for alternative støtteordningar.

Me ønsker å

- ⇒ Sjå og møte den enkelte deltakar
- ⇒ Servere god mat
- ⇒ Lage attraktive aktivitetar ute og inne
- ⇒ Snakke om den kristne trua på ein spanande og interessant måte

Me stiller krav til at

- ⇒ Leiarane som er med på leir skal leggje fram politiattest

